

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	14/4378

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
88/2014	Formannskapet	PS	26.11.2014

Økonomisk rapportering pr okt 2014

Vedlegg:

- 1-Sum status regnsk-bud pr okt 14
- 2- Investeringer pr okt 14

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Administrasjonen skal kvar måned leggje fram for formannskapet driftsrapport med økonomisk status.

Kommentarar til driftsrapport:

Rapport med driftsrapport med rekneskap og prognose per oktober 2014 følgjer i vedlegg 1.

Rapporten viser revidert budsjett for 2014, rekneskap pr oktober 2014 og prognose for året. Vi rapporterer så langt netto meirforbruk på kr 0,7 mill på finansområdet som følgje av låge skatteinntekter, meirforbruk på branntenesta med kr 0,3 mill og meirforbruk på heimetenesta med kr 0,7 mill. Også kultur viser eit lite meirforbruk på kr 40.000,-. Vi har mindreforbruk på barnevern og i PUK på tilsaman kr 1,74 mill, slik at vi så langt reknar med å halde sum budsjetttramme for alle tenesteområda, og kunne avsette kr 11,9 mill til disposisjonsfond som planlagt i revidert budsjett.

Det er framleis ein viss usikkerhet knytt til prognosen. Sjølv om tenesteområda så langt ser ut til å kunne gå i balanse, er det likevel generelt tronge driftsrammer.

Skattinngangen nasjonalt er lågare enn estimert i statsbudsjettet. Meland kommune er ein låginntektskommune som får inntektsutjamning, og vi vert difor direkte påverka av denne reduksjonen. Pr oktober viser auke i skatteinngong i 2014 (samanlikna med 2013) nasjonalt ein vekst på 1,8%, ned frå vekst på 2,0% pr august. Veksten i Meland kommune pr oktober er på 1,6% samanlikna med ein vekst per august på 3,0%. Om utviklinga i 2014 så langt held fram, kan vi vente oss reduserte skatteinntekter og rammetilskot med netto kr 1,7 mill. Dette er kr 400.000,- lågare enn estimert per august. For kommentarar til resultat og eventuelle budsjettavvik, sjå vedlegg 1.

Avsetning til disposisjonsfond med kr 11,9 mill er budsjettert som avsetning på finansområdet i revidert budsjett for 2014, slik at budsjettet totalt sett balanserer i null, men er i vedlagte oppstilling vist som «overskot».

Statusrapport på investeringar følgjer som vedlegg 2. Sjå kommentarar i rapporten.

Framlegg til vedtak:

Budsjettrapport med prognose pr oktober 2014 vert teken til vitande

Formannskapet - 88/2014

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - vedtak:

Budsjettrapport med prognose pr oktober 2014 vert teken til vitande